



Det Kongelige Olje- og Energidepartement
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201207188-7/340/STIOSE

Dykkar ref.:
12/1334

Bergen, 05. oktober 2012

Endringar i energilova - fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 24.8.2012 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Olje-energidepartementet sitt forslag til endringar i energilova.

Fylkesutvalet gjorde i møte 27.09.2012 følgjande vedtak i sak 237/12:

1. Fylkesutvalet er positiv til at dei største nettsakene vert løfta til politisk nivå og får endeleg vedtak ved Kongen i statsråd. Desse sakene handlar om tiltak med store samfunnsmessige konsekvensar.
2. Det er naudsynt å styrka kraftnettet i Noreg, og dette er arbeid som ikkje bør ta for lang tid. Fylkesutvalet er nøgd med å få på plass ein meir effektiv konsesjonsprosess.
3. Fylkesutvalet meiner det er naudsynt å styrka samarbeidet mellom nasjonale energistyresmakter og styresmakter på regionalt og lokalt nivå i planleggings- og utbyggingsfasen.
4. Fylkesutvalet kan likevel ikkje akseptere ein prosess som ikkje gjev klageadgang i tråd med forvaltningslova. Offentleg høyring og tidleg involvering kan ikkje fullt ut erstatte klageadgangen, og prosessen må endrast slik at det vert mogleg å klage på vedtak før endeleg avgjerd i Kongen i statsråd.

Vedlagt følgjer kopi av saksutgreiing og møteboka. Saksutgreiing og vedtak kan ein og lese på nettstaden www.hordaland.no/energi under politiske vedtak.

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Stina Ellevseth Oseland
Rådgjevar

Kopi: Warren, Elisabeth Jan, Kultur- og idrettsavdelinga